

Familie- og kulturkomiteen
Stortinget

0026 OSLO

Førde internasjonale folkemusikkfestival innatt på statsbudsjettet 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Førde kommune og Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen) ber om at festivalen som knutepunktinstitusjon vert tatt innatt på statsbudsjettet for 2016 som nasjonal institusjon.

Førdefestivalen vart grundig evaluert av Kulturdepartementet / Kulturrådet i 2014. Konklusjonen var denne: «Førdefestivalen fyller sine formål på en meget god måte og fremstår som kunstnerisk ledende på sitt felt i nasjonal sammenheng, samtidig som den kan hevde seg godt internasjonalt».

Festivalen har eit samfunnsoppdrag som er viktigare enn nokon gong, gjennom å presentere og auke kunnskap om verdas kulturelle mangfald og rikdom. Samstundes er festivalen Norges viktigaste utstillingsvindauge for norsk folkemusikk på profesjonelt nivå både nasjonalt og mot utlandet.

Kvart år står rundt 300 artistar frå 30 land over heile verda på festivalscenene i Førde. Festivalen har høg grad av eigenproduksjon av konsertar og tingingsverk og gjev nye moglegheiter for norske musikarar i ein internasjonal kontekst. Festivalen har årleg rundt 100 arrangement på 30 arenaer i minst 6 kommunar for om lag 28000 besøkjande. Om lag 50% av dei besøkande til festivalen kjem frå andre fylke, mange blir verande utover sjølve festivaltida. Festivalen vert dekkja av nasjonal og internasjonal presse.

I tillegg til hovudarrangementet i juli, driv festivalen heilårleg verksemd med kurs og konsertar, «Bornas Verdsdagar» m.m. Festivalen er ei fast kulturinstitusjon med 6 høgt kvalifisert tilsette.

Førdefestivalen har kvalitet og gjennomslagskraft på internasjonalt nivå.

- Dei fem siste åra er Førdefestivalen kåra som ein av dei 25 beste i sitt slag i verda av det internasjonale tidsskriftet *Songlines*.
- I 2014 vart festivalen ranka på *the Guardian* si topp 10-liste over dei beste småbyfestivalar i Europa, som einaste norske festival.
- I 2015 kom festivalen på *National Geographic Travel* si topp-sju-liste over dei beste musikkfestivalane i Europa, også som einaste norske festival.

Festivalen har stor tyding for næringslivet i regionen. 11 mill. kr av totalbudsjett på 16 mill.kr vert brukt til kjøp av varer og tenester i eige fylke. I tillegg kjem omsetninga publikum genererer.

Med vennleg helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Olve Grotle
ordførar

Kristin Hille Valla
styreleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift